



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Eva Bendiksen, 5557 2051

Vår dato
08.10.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/4803 632.9
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Tildelingsbrev 2018 - Prosjekt 62253 Oppfølgingsordninga

Fylkesmannen viser til dei ulike møta mellom kommunalsjef og Fylkesmann om oppfølgingsordninga i 2018.

Fylkesmannen tildeler **kr. 500 000,-** til Radøy kommune over kontonummer 954 748 634.

Midlane skal nyttast etter dei retningslinene Fylkesmannen og Radøy kommune vart samde om på møtet 16. august. Dette inneber eit langsiktig og systematisk arbeid med kompetanseheving innan tema som gode profesjonsfellesskap, tilrettelegging for gode læringsmiljø og analysekompetanse knytt til læringsresultat. Midlane skal også styrkje ressursen knytt til satsinga på prosjektet inkluderande barnehage- og skulemiljø. Fylkesmannen vil følgje arbeidet gjennom ulike treffpunkt mellom anna knytt til denne satsinga.

Vi ber om ei første rapportering på bruken av midlane innan 1. juni 2019.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningsreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Eva Bendiksen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.